



## Notat

Dato: 30.04.2015  
Arkivsak: 2015/2400-8  
Saksbehandlar: knudjuv

---

<b>Til:</b>	Samferdselsutvalet Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Trafikkplan og anbudsfristar i Sunnhordland

*På møte i fylkesutvalet 23.04.2015 stilte representanten Sigbjørn Framnes (Frp) spørsmål om ein er i rute med anbudsfristane i samband med trafikkplanen/rutestrukturen i Sunnhordland. Direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, stadfesta dette. Det vil kome nærare informasjon i neste møte*

Nytt bussanbod for rutepakke Sunnhordland er planlagt med oppstart frå juli 2017. Konkurransesgrunnlaget skal etter planen lysast ut februar 2016, slik at kontrakt kan signerast eitt år innan oppstart.

Trafikkplan for Sunnhordland skal gi grunnlag for rutetilbodet og -produksjonen i komande anbudsperiode. Trafikkplanen vil gi ein gjennomgang av dagens tilbod og etterspurnad samt andre relevante grunnlagsdata for planlegging av framtidig rutetilbod. Med basis i grunnlagsdata og analysar av framtidige behov, vil trafikkplanen gi framlegg til nytt linjenett og rutetilbod, samt plan for implementering. Sentrale punkt i vurderingane vil vere kva som bør utgjere minimumsbetjening i området, kva som bør vidareførast av dagens struktur og kva endringar som bør gjennomførast.

I arbeidet med trafikkplanen vert det lagt vekt på å ha god dialog med kommunane. Informasjon om prosessen er gitt i eige møte i Samarbeidsrådet i mars i år. Den 5. mai vil det vere eit første dialogmøte med dei fire kommunane som inngår i rutepakkeområdet. Føremålet med dette møtet er å få innspel til justeringar og omprioriteringar i busstilbodet – om viktige reiserelasjonar, geografiske område med endra behov og planar i kommunane som vil ha innverknad på korleis kollektivtilbodet bør utviklast. Det er også planlagt eit møte med kommunane til hausten, før ferdigstilling av trafikkplanen.

I samband med nytt anbod Sunnhordland er det og stilt spørsmål om status for nye bussanlegg. Det er eigedomsseksjonen som har ansvar for bussanlegga, og har følgjande informasjon til saka:

- Stord: Det er kjøpt tomt på Øvre Sæ, like ved innkjøringa til Leirvik, på 14,6 mål ferdig planert.
- Bømlo: Det er kjøpt tomt i Hollundsdaalen næringsområde, like utanfor Svortland, på 4,1 mål. På eigedomen står eksisterande bygg på 280 kvadratmeter. Eksisterande bygg er planlagt ombygd og rehabilitert for bruk som bussanlegg.

Programmering av tal på bussoppstillingsplassar, sjåførfasilitetar, verksadsfasilitetar med vidare pågår for begge anlegga. Det er lyst ut anbod om arkitekttenester. Utlysing av anbodskonkurranse for byggjearbeida er planlagt mot slutten av 2015. Plan for ferdigstilling av anlegga er sett til våren 2017.